

Skulestruktur i Ulstein kommune

Eg var ein av dei som helste ein uhilda konsulentrapport om skulestrukturen i kommunen velkommen. Eg såg føre meg at vi endeleg skulle få stadfesta kvaliteten i Ulstein-skulen og få ei realistisk berekning av dei faktiske innsparingane/kostnadane ved å legge ned grendaskular.


Rapporten leverte på det første punktet, og slår fast at nosituasjonen i Ulstein-skulen er god. Kvaliteten er høg og elevar, foreldre og lærarar er nøgde, men alle ser behov for meir (og ikkje mindre) tilføringar for å auke kvaliteten endå meir. Kostnadsnivået er 330 kroner meir per innbyggjar samanlikna med nabokommunane, men dette vert i rapporten forklart med ein høgare prosentdel barn enn landsgjennomsnittet, samt ein høgare prosentdel innvandrarar i skulepliktig alder.

Det vert til ei viss grad problematisert at innføringa av nye læreplanar vil krevje samarbeid på tvers av skular og fagområde, men eg tenker det vil passe fint inn den digitale revolusjonen vi har vore gjennom dei siste to åra. Samarbeid og samhandling er ikkje lenger nokon grunn for samlokalisering for dei digitale ekspertane vi har blitt. Og endå ligg mykje ubrukt framfor auga på oss.

Om vi tek utgangspunkt i nosituasjonen og tenkjer på barnets beste i vid forstand er det altså ingen grunn til å vurdere å legge ned grendaskulane.

Prognosekvalitet og prognoseforutsetningar

Når det likevel vert laga krisestemming, kjem det av at nokon har sett seg redde på SSB si folketalsframskriving frå 2020. Denne viser ein nedgang i talet på elevar fram mot 2030. Det som ikkje vert nemnt er at framskrivinga har fleire modellar med ulike føresetnader. Fleire av desse viser at elevtalet vi auke igjen frå 2030 og endatil verte større enn i dag når vi nærmar oss 2050. Kvar skal desse elevane gå når alt er nedlagt?



Figur 1: SSB si framskriving av grunnskuleelevar (6-15 år)


Slike prognosar er uansett usikre då dei baserer seg på føresetnader om framtidig fruktbarheit, dødelegheit og inn- og utvandring, der små utslag kan gi store endingar over tid. I tillegg til den vanlege usikkerheita i framskrivingar, skriv SSB dette om framskrivinga frå 2020 som KS Konsulent/Ulstein kommune legg til grunn:

«På grunn av COVID-19-pandemien har det imidlertid vært ekstremt utfordrende å lage forutsetninger i år – også i nær framtid. Brukere må huske på dette når de bruker de ulike alternativene fra 2020-framskrivingene i arbeidet sitt, både på kort og lang sikt.»

Å ta viktige avgjørelser på bakgrunn av 2020-prognosa, spesielt med tanke på anna som har skjedd sidan då, krev altså stor varsemd. Å teste kvaliteten på prognosen vert difor ekstra viktig. Sidan vi har verkelege tal for 2021 og 2022 tilgjengeleg er det spesielt interessant å sjå på aldersgruppa 0-5 år, sidan det gir indikasjonar på fruktbarheita. Det er også denne gruppa som danner det framtidige grunnlaget for elevtalet i grunnskulen. Og testen gir store avvik!

I 2022 skulle det ifølge prognosen Ulstein kommune har brukt («Hovedalternativet») ha vore 532 barn (0-5 år). Det faktiske talet er 569. Dette er eit avvik på 37 barn (6,5%), berre to år inn i prognoseperioden. Samanliknar vi med den modellen som gir størst vekst («Høg vekst») ser vi at det sjølv der er eit avvik på 25 barn (4,4%).

Verkeleg og framskrive innbyggartal i Ulstein




Årsaka er at SSB har basert seg på ei fruktbarheit på 1,5 (barn per kvinne) fram til 2025, før den stig og stabiliserer seg rundt 1,7 i resten av prognoseperioda.¹ Men for vårt område viser fasiten ei fruktbarheit allereie i 2021 på 1,73².

Endå meir interessant vert det når vi bryt dette ned på skulekrinsnivå. Då finn vi det største avviket frå prognosen i Haddal skulekrins, med vel 13 % fleire born enn spådommen frå SSB/Ulstein kommune³. Og av alle grunnkrinsane i kommunen har Eiksund desidert størst avvik, med 46 % fleire born i alderen 0-5 år enn prognosen tilseier!

Dette er i samsvar med det vi som bur i Haddal/Eiksund ser rundt oss, med auka nybyggeaktivitet og fleire tilfelle av eldre som kjøper leilegheit i sentrum, og sel til par i etableringsfasen som enten har eller ønsker å få barn.

Avvik frå framskriving per skulekrins



¹ <https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/nasjonale-befolkningsframskrivinger-2020>

² <https://www.ssb.no/befolkning/fodte-og-dode/statistikk/fodte/artikler/okt-fruktbarhet-for-forste-gang-pa-12-ar>

³ Framskrivninga til SSB er på kommunenivå, men eg har fordelt denne på krinsane basert på innbyggartalet i 2020, som var utgangspunktet for framskrivinga.

Eg trur denne utviklinga, der pensjonistar trekkjer mot eit sentrum tilrettelagt for ei eldre befolkning, og småbarnsfamiliar vel eit rimelegare og meir romsleg liv på bygda er ei utvikling som vil halde fram.

Vi har nok heller ikkje sett den fulle effekten i flyttemønsteret etter Covid-19-erfaringane og krigen i Ukraina endå. Begge kan auke tilflyttinga i kommunen meir enn ein har lagt til grunn i prognosen.

Med desse trendane i full utvikling er det i alle fall heilt feil tidspunkt å snakke om nedlegging av krinsskular no.

Men kostnadane då?

Skulle politikaner likevel kome fram til at nedlegging er fornuftig, kjem det av at dei vert presentert for eit innsparingspotensiale som er langt frå reelt.


Det var spesielt på dette området eg hadde store forhåpningar at KS Konsulent sin rapport, og hadde venta ei realistisk vurdering av kva kostnadar ei nedlegging som var mogleg å realisere på den enkelte skulen, kva potensielle andre kostnadar som kunne dukke opp, og kva inntekter ein ville gå glipp av gjennom reduserte løyvingar.

Eg vart difor svært skuffa då dei i rapporten i staden nytta om lag dei same gjennomsnittsberekningane og omtrentlege tala som kommuneadministrasjonen har brukt tidlegare, utan å reflektere over realismen verken i tala eller innsparingsmoglegheitene.

Til dømes reknar ein med å spare 4 mill. i driftskostnadar om ein legg ned Haddal skule. Dette talet har ein kome fram til ved å ta kostnadane for alle skulebygga i kommunen og dele på total kvadratmeter for slik å få ein gjennomsnittspris per m². Deretter multipliserer ein arealet på Haddal skule med dette gjennomsnittet, og kjem fram til 4 mill. Men ved å bruke denne metoden vil høge driftskostnadar på andre skular og i drifta til eigedomsselskapet plutselig sjå ut som eit innsparingspotensiale ved nedlegging av Haddal skule. Korleis veit ein at dette er tilfelle? Skal ein tru på kvadratmeterprisen for skulebygga i Ulstein i KOSTRA-databasen har det vore ein auke i total kvadratmeterpris på om lag 50% sidan 2018. Eg finn ikkje tilsvarande auke i nabokommunane våre, og med det eg veit har det heller ikkje vore noko større endring i drifta av Haddal skule på dei åra som skulle tilseie ein slik auke. Kan det vere andre skular som dreg opp gjennomsnittet? Kvifor ikkje legge fram reelle tal per skule i staden?

Kvadratmeterpris per kostnadstype

Kostnadstype ● Driftsaktiviteter ● Eiendomsforvaltning ● Energiutgifter ● Renholdsaktiviteter ● Vedlikeholdsaktiviteter



Og dessutan: Kor mykje av driftskostnadane på Haddal skule kan ein eigentleg spare, når det er heilt utenkeleg (håpar eg) at kommunen skal selje skulebygget til eksterne og ta i frå bygda den einaste samlingsplassen som er der? Sannsynlegvis er innsparinga på driftskostnadar difor langt nærare 0 enn 4 millionar.

Vidare står det i rapporten at ein vil spare 3 millionar på å redusere talet på grupper (Haddal + Hasund) frå 16 til 14. Dette sjølv om dei rett før i rapporten har berekna gruppekostnaden til å vere under 1 mill., og at ein reduksjon med 2 grupper dermed skulle bli 2 millionar. Eg er elles ikkje så trygg på om det er slik at ein berre kan auke gruppestørrelsen og redusere lærartettleiken, og forvente at behovet for spesialundervisning og vikarbruk ikkje går opp. Kva er vikarkostnaden og spesialundervisningskostnadane på dei ulike skulane? Er det ein samanheng mellom desse og gruppestørrelsen? Slike kostnadar eller vurderingar vert ikkje nemnt i rapporten.

Det skal også vere råd å spare 1 mill. på «leiing og administrasjon» om ein legg ned Haddal skule. Eg kjenner ikkje tilsettingsavtalane i skulen, men eg mistenker at oppseiing ikkje vert aktuelt, og at det i staden vert oppretta ei ekstra rådgjevarstilling på Hasund sidan det tross alt vert større behov for slikt med fleire elevar. Innsparinga vil i så fall også her vere nærare null.

Og endå har eg ikkje nemnt konsekvensane av dei mange av elevane på Haddal som har sagt dei vil reise til Møre Barneskule i staden for Hasund. Administrasjonen seier det er heilt umogleg å berekne konsekvensane, og det kan vere fordi dei veit svaret. For legg vi til grunn at halvparten av elevane frå Haddal reiser til Møre vil det framleis vere behov for 14 grupper på Hasund, og dermed ikkje gi noko innsparing på gruppetal. Det vil heller ikkje gi noko innsparing på spesialundervisning, sidan desse midlane fyl eleven og vert kommunen sin kostnad uansett.

Trinn	Antall elevar på Haddal	Antall grupper Haddal	Antall til Myrvåg	Antall frå Haddal til Hasund	Antall elevar Hasund	Antall grupper Hasund	Haddal + Hasund	Antall grupper Haddal + Hasund
1	6	1	3	3	20	2	23	2
2	7	1	3	4	26	2	30	2
3	5	1	2	3	19	2	22	2
4	7	1	3	4	25	2	29	2
5	17	1	8	9	20	1	29	2
6	8	1	4	4	20	1	24	2
7	10	1	5	5	33	2	38	2
Totalt	60	4	28	32	163	12	195	14

På inntektssida vil kommunen derimot tape 103 800 per elev som vel å gå på Møre, i dette eksempelet 2,9 mill. kroner per år. I tillegg må ein rekne med at elevar som går på barneskulen i Myrvåg også vel å gå ungdomsskulen der. Dermed vil inntektsbortfallet for kommunen vere i tre år ekstra for kvar elev og gi eit tap på 8,7 mill. i eksempelet over.

På toppen av det heile har regjeringa endra tilskotsordninga for grendaskular, slik at kommunen vil gå glipp av 0,5 mill. for kvar skule som blir nedlagt. Ein kan vel også vente seg at denne satsen vil auke i inneverande Stortingsperiode.

Heller ikkje frå eit økonomisk perspektiv er det difor grunnlag for å leggje ned Haddal skule på noverande tidspunkt.

Kostnadsprognoser

Medan den prognosen som viser nedgangen av skuleborn altså er svært usikker, er forventningane om ei stor auke i aldersgruppa 67+ langt mindre kontroversiell. I seg sjølv er ikkje dette noko problem, men kostnaden som fyl denne auken har begynt å uroe enkelte. Og spesielt uroa kan ein bli om ein les anslaga i rapporten frå KS Konsulent. Dei predikerer ei auke i årlege kostnadar på 140 mill. i 2040. Men måten ein har kome fram til dette anslaget på, ser ut til å vere å ta kostnadsnivået per brukargruppe i 2020 og la denne stykkprisen følgje forventa folketalsutvikling. I så fall er det lagt opp til 0 % produktivitetsauke i perioden – og det einaste som er sikkert er at det ikkje vil vere tilfelle. Eg har forsøkt å få ei avklaring frå KS Konsulent om det verkeleg er dette dei har gjort, utan å lukkast.

Om ein vel å gi seg ut på ein slik kostnadsprognose, er det mange faktorar ein må ta omsyn til, og nærast kva ein gjer så vil ein ikkje klare å få med alle eventualitetar. Men det vi veit er at dei som i framtida vert 67+ vil vere i betre helse og stå lenger i jobb enn det som har vore tilfelle historisk. I tillegg vil det vere ei stor utvikling mellom anna innan digitalisering og medisinsk forskning. I sum vil dette truleg gjere behovet for helsetenester slik vi kjenner dei i dag vert redusert. Og som med folketalprognosa vil også ei kostnadsprognose få store utslag fram i tid med små endringar i forutsetningane. Om vi på bakgrunn av utviklinga beskrive over legg til grunn ei årleg produktivitetsauke på 3 %, blir fasiten at dei totale kostnadane i helsesektoren vil vere om lag på dagens nivå – sjølv om talet på 67+ doblar seg.

Dette kan høyrast optimistisk ut, men er eigentleg i tråd med det ein ser i folketalsframskrivinga til SSB. Denne seier at talet på yrkesaktive skal vere om lag på dagens nivå også i 2040, sjølv om talet på pensjonistar vert dobla. Utan produktivitetsvekst må ein i så fall ta yrkesaktive ut frå privat næringsliv og inn i helsesektoren. Om det er dette ein skal sjå som det realistiske scenarioriet for 2040 er ikkje kommunen levedyktig som sjølvstendig kommune uansett, og ein lyt snarast ta oppatt arbeidet med kommunesamanslåingar. Forresten vil Haddal då plutsleg vere den offentlege nærskulen til Djupvik/Dragsund/Myrvåg også, så sjølv i eit slikt tilfelle er det feil i leggje ned Haddal skule no.

Eg vil elles anbefale følgjande artikkel for å ytterlegare sikre nattesvevnen angående eldrebølga:

<http://www.samfunnogokonomi.no/2021/03/eldrebolgen-i-et-nytt-perspektiv/>

Eigedomsskatt

Målet med å skilje skuledebatten frå den større økonomidebatten vart sagt å vere gjort for å på barnas beste, forbetring i tenestekvalitet og ei tilpassing til framtidig behov. Då synes eg det vert uryddig at ein i rapporten og saksframlegg elles likevel forsøker å gjere den oppveksande generasjonen eineansvarleg for både eldreomsorg og den store gjelda kommunen har opparbeida seg. Desse temaa høyer til i økonomidebatten i haust, men sidan det alt har blitt eit tema vil eg avslutningsvis kome med ein ode for eigedomsskatten.

Eg er ikkje frå Ulstein, men budde i Ulsteinvik då eg gjekk på vidaregåande skule rett før årtusenskiftet. Og det er ikkje tvil i at tettstaden i dag står fram som langt meir attraktiv enn tilfellet var på den tida. Ulstein kommune har blitt ein meir attraktiv kommune, men forvandlinga har kosta, og i dag er Ulstein av kommunane i landet med høgst gjeldsandel. Eg meiner likevel det vert feil å skyve borna våre framfor oss når rekningane skal betalast.

Slik eg ser det, kan ingen ansvarleg polititar finne argument for at ein kommune med så stor gjeld kan unngå å krevje inn eigedomsskatt om ein vil sikre ein såkalla berekraftig økonomi. Og det er ikkje

grunn til det heller. Bor ein i ein attraktiv kommune med gode tenester, så bør det vere heilt greitt å betale litt ekstra for det.

For vi må ikkje gløyme at eigedomsskatten, gitt at takseringa er fornuftig, er den mest effektive, treffsikre og rettferdige skatten vi har. Effektiv fordi kommunen får pengane rett på konto og ikkje gjennom sentrale løyvingar, treffsikker og rettferdig fordi det er dei som har mest som må betale mest.

Og slik dei generelle skattereglane for bustad er, er det ikkje ein urimeleg skatt:

Dei som eig ein bustad i Ulstein har dei siste 15 åra hatt ein total prisauke på om lag 100 %. Denne prisauken er skattefri når bustaden vert selt. I tillegg får vi som har bustadgjeld skattefrådrag på rentekostnadane. Netto vil vi dermed få tilbake på skatten fordi vi eig ein bustad! Har du eit hus til 3 mill. vert den årlege prisauken altså ca. 150 000 kr. (ca. 5% prisauke). Om du har eit lån på 2 mill. får du i tillegg redusert skatten med nærare 8 800 kr per år.

Vi har blitt så godt vande at vi meiner vi fortener desse skattefordelane, men dei fleste bør kunne sjå at det ikkje urimeleg å betale nokre promillar av ein bustadtakst som ligg godt under verkeleg verdi. Og spesielt ikkje når det er kommunen som får desse pengane rett inn i sine budsjett og kan nytte dei til det beste for innbyggjarane og gjere kommunen endå meir attraktiv – slik at bustadprisane aukar endå meir.

Avslutning

Bygdene i Haddal skulekrins er inne i god blomstringstid, og det kjem stadig nye tilflyttarar som ynskjer å etablere seg. Denne veka var det årsmøte i Eiksund Bygdelag, og der møtte det fleire av desse opp, for å gjere seg kjent og for å vere med å bidra til å utvikle bygda vidare. Eg håpar difor at de som sit i kommunestyret ser oss og satsar på oss, i staden for å gjere det vanskeleg for unge å etablere seg her. Lat både oss og dykk bruke energien vår på vekst framfor skulekamp dei neste åra!

Knut Øyvind Myklebust

Eiksund